



Saksbehandlar: Atle Skrede, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 16/2900-7

## **Spelemidlar til idrettsanlegg 2016 - fordeling av restmidlar og inndregne midlar**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

- Det vert løyvd **594 000 kr.** i restmidlar til følgjande anlegg:

Anleggstype	Kommune	Søkjar	Anleggs-nr.	1.søkn.år	Kom Pri.	Løyving	Søknads kategori
1.Sanitær, friluftsliv	Eid	Harpefossen Skisenter AS	1443001034	2016	9	356 000	Ordinære anlegg
2.Friidrett, kast-anlegg	Gloppen	Hyen IL	1445000806	2011	3	238 000	Ordinære anlegg

- Det vert løyvd **464 000 kr.** i inndregne midlar til følgjande anlegg:

Anleggstype	Kommune	Søkjar	Anleggs-nr.	1.søkn.år	Kom Pri.	Løyving	Søknads kategori
3.Sanitær, idrett	Bremanger	Bremanger IL	1438008004	2015	4	243 000	Ordinære anlegg
2.Friidrett, kastanlegg	Gloppen	Hyen IL	1445000806	2011	3	126 000	Ordinære anlegg
4.Friidrett, kastanlegg	Gloppen	Breimsbygda IL	1445000308	2013	4	33 000	Ordinære anlegg
5.Ballbinge	Selje	Flatraket IL	1441001801	2016	2	62 000	Nærmiljø anlegg

- Det vert løyvd **187 000 kr.** i tilbakebetalte midlar til følgjande anlegg:

Anleggstype	Kommune	Søkjar	Anleggs-nr.	1.søkn.år	Kom Pri.	Løyving	Søknads kategori
4.Friidrett, kastanlegg	Gloppen	Breimsbygda IL	1445000308	2013	4	36 000	Ordinære anlegg
6.O - kart	Stryn	Veten IL	1449005318	2015	6	151 000	Ordinære anlegg

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Saksframstilling – tildeling spelemidlar til idrettsanlegg 2016 -16/2900-3
- Elektroniske søknader

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

## **1. Samandrag**

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å løyve resterande midlar til 6 anlegg. Alle anlegga er eigm av frivillig sektor, er ferdige og har levert revidert rekneskap.

## **2. Bakgrunn for saka**

Gjennom rundskriv av V-0732 N datert 15.juni 2015, har Kulturdepartementet gitt retningslinjer for tilskot frå spelemidlane. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, kommunale planar og prioritieringslister gir føringar for kva anlegg som vert prioritert for spelemidlar kvart år.

Spelemiddelordninga er delt i to ordningar, ordinære anlegg og nærmiljøanlegg. Til saman kom det i 2016 inn 309 søknader om tilskot med ein samla godkjend søknadssum på 192 478 000 kr. Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk tildelt 45 823 000 kr. og saman med inndregne midlar, rentemidlar og tilbakebetalte midlar vart det i HNK-sak 61/16 tildelt 47 466 000 kr. til 110 søknader.

Til klagebehandling etter tildelinga i sak 61/16 står det att 594 000 kr. Det kom ingen klagesaker og fylkesdirektøren vel å rá til å tildele søknader no mot normalt å vente til neste års tildeling. I perioden etter tildeling og fram til no er det også inndrege 402 000 kroner. Inndrege midlar gjeld anlegg som har blitt rimelegare enn budsjettet eller anlegg som ikkje er etablert som planlagt. I tillegg er det tilbakebetalte 200 000 kr. frå Leikanger kommune etter at symjeanlegget ved Leikanger ungdomsskule vart stengt i 2007 og Kulturdepartementet har gjort gjeldande tilbakebetalingskrav.

Til fordeling i saka no vert det såleis:

Restmidlar	kr. 594 000
Inndregne midlar	kr. 471 000
<u>Tilbakebetalte midlar</u>	<u>kr. 200 000</u>

Tilgjengeleg til fordeling no      kr. 1 267 000

Framlegg til fordeling no      kr. 1 245 000

Rest      kr. 22 000

Skulle det komme klager på denne tildelinga, vil desse bli vurdert på vanleg måte, og då slik at om klagar får medhald, vil tildeling skje ut frå ramma fylkeskommunen får til fordeling i 2017.

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

### **3.1 Prioriteringar ved tildeling av spelemidlar**

Ved vurdering av ytterlegare løyving rår fylkesdirektøren til å legge til grunn same prinsipp og prioritering som ved førre løyving. Her vart det lagt vekt på å følgje kommunane sine prioriteringar samt å prioritere å tildele midlar til anlegg med ein lågare prioritet der anlegget er ferdig og revidert anleggsrekneskap ligg føre.

Friluftslivssøknader skal prioriterast første søknads-år, jf. føringar i regional plan. Ferdigstilte anlegg, med ferdig revidert anleggsrekneskap vert prioritert, slik at søker slepp å fornye søkerne i unødig mange år. Deretter rår fylkesdirektøren til å prioritere frivillig sektor sine søkerne før fylkeskommunale og kommunale søkerne. Dette for å løyve midlar slik at det lettar den økonomiske belastninga for frivillig sektor.

Dette gir effektiv bruk av midlane og effektiv sakhandsaming der sakhandsamingstida i kommunane og fylkeskommunen går ned.

### **3.2 Samhandling med idrettskrinsen**

Fylkesdirektøren samhandlar tett med m.a. Sogn og Fjordane idrettskrins når det gjeld informasjon og skulering om spelemiddelordninga. Det er også naturleg å drøfte framlegg til fordeling med dei

og dette er gjort i form av munnleg og tilsend presentasjon. Det er gitt tilbakemelding med positiv tilråding.

**Kort vurdering av søknadsbehandling i kommunane (tildeling er uteha med svart);**

**Askvoll;**

I år vart det søkt om tilskot til 12 anlegg i Askvoll kommune der 4 av desse fekk tildeling i 2016. Dei resterande er under realisering, men ikkje ferdige og har heller ikkje revidert sin anleggsrekneskap.

**Aurland;**

Fra Aurland kom det i år inn 4 søknader der ein av desse var prioritert for tildeling. Dei andre er enno ikkje realiserte eller er under bygging.

**Balestrand;**

Det kom i år inn 5 søknader fra Balestrand kommune, der 2 av dei fekk tildeling ved saka i mai. Fleirbruksområdet på Hittunsfjøra, eigd av Balestrand kommune er ferdig og har revidert sin anleggsrekneskap, men fylkesdirektøren vel å prioritere frivillig sektor sine anlegg.

**Bremanger;**

Fra Bremanger kom det i år inn 13 søknader om tilskot fra spelemiddel-ordninga, der heile seks av desse fekk tilskot. To av desse tildelingane er friluftsliv – anlegg som får tilskot første godkjende søknads-år under føresetnad av godkjend spelemiddelsøknad.

**Sanitæranlegg, Bjørsvika – Bremanger IL;**

Anlegget er del av eit nærmiljøanlegg og idrettspark – område i Bjørsvika i Bremanger kommune. Bremanger IL sökte første gong om midlar i 2015. Sanitæranlegget i Bjørsvika er eigd av Bremanger IL og er det einaste av dei resterande søknadene som har revidert anleggsrekneskap og vert derfor tildelt tilskot på 243 000 kr. no og slepp fornye denne søknaden for 2017.

**Eid;**

I Eid kom det i 2016 inn 31 søknader der 10 av desse fekk tildeling. Mange av søknadene i Eid i 2016 er fra frivillig sektor. Tildelingar under 1 000 000 kr. kan ikkje delast over fleire år. Eid IL sökte første gong i 2012 om tilskot på 700 000 kr. til etablering av 7'ar kunstgrasbane på Valhall, utviding av løyper på Tua og Fladalen. Rekneskapen for kunstgrasbane er ferdig revidert, men skianlegga har ikkje revidert rekneskapen. Harpefossen skisenter AS har fleire anlegg med låg prioritet og fleire er prioritert for tidelig i regional plan i 2017 og utover. Eid idrettspark BA sin søknad om rehabilitering av kunstgraset er prioritert i 2018 i regional plan. Fellesanlegget Tua har søknader til både Stigedalshytta og opprusting av eksisterande klubbhus. Fylkesdirektøren følgjer føringar i regional plan om prioritert søknader friluftsliv første godkjende søknads-år og prioriterer sanitæranlegget på Harpefossen.

Når søknader fra frivillig sektor, ferdige anlegg med revidert anleggsrekneskap er det ikkje nok midlar att for tildeling til andre søknader.

**Sanitæranlegg ved Harpefossen skisenter, skiskyttarstadion**

Dette anlegget er definert som eit friluftsliv – anlegg, sanitæranlegg sidan det ligg i eit tur-område. Anlegget er eigd av Harpefossen skisenter, er ferdig og har revidert rekneskapen og sökte første gong om midlar i 2016. Fylkesdirektøren tilrår dette anlegget jamfør føringane om å prioritere frivillig sektor sine anlegg og følgjer opp tiltaket i regional plan om tildeling til friluftsliv-anlegg første godkjende søknads-år.

**Fjaler;**

Fjaler kommune har i år sendt inn 6 søknader der 3 av desse har fått tildeling. Dei resterande tre er under bygging og har ikkje revidert anleggsrekneskapen.

**Flora;**

I Flora kommune vart det i 2016 sendt inn 40 søknader der 36 av desse var godkjende. Av desse vart 12 tildelte midlar i HNK - sak 16/61 av 30.mai 2016. Dei resterande er under bygging og har ikkje revidert anleggsrekneskapen.

**Førde;**

Det er i år godkjend 30 søknader fra Førde kommune der 11 av desse har fått tildeling. Dei resterande er enten under bygging eller har ikkje revidert anleggsrekneskapen.

**Gaular;**

Gaular kommune har i 2016 sendt inn 12 søknader der 5 er tildelt midlar. Av dei resterande er både squash-hall i Gaular-hallen og rehabilitering av symjebassenget ferdig utbygd og ferdig revidert, men desse er i kommunalt eige og prioritert i regional plan i perioden 2016 – 2019.

**Gloppen;**

I 2016 hadde Gloppen kommune 25 godkjende søknader der 10 av desse har fått tildeling. Gloppen har siste åra fått forholdsvis høg tildeling av innsende søknader. Der er fleire av dei resterande søknadene som er ferdige, men som ikkje er reviderte. Fylkesdirektøren viser til føringane for tildeling og prioriterer frivillig sektor sine anlegg med revidert anleggsrekneskap framom kommunalt eigde anlegg.

**Kastanlegget til Hyen IL ved Idrettsplassen i Hyen;**

Dette anlegget har søkt sidan 2011, er eigd av og vert drive av Hyen IL og har revidert anleggsrekneskapen.

**Kastanlegget til Breimsbygda IL ved Reed stadion;**

Kastanlegget, delanlegg friidrett på Reed har søkt sidan 2013, er ferdig utbygd og har revidert anleggsrekneskap.

**Hornindal;**

Det er i år løyvd midlar til 2 av 6 anlegg i Hornindal kommune. Både søknaden om tilskot til klubbhuset til Hornindal IL ved Hornindal stadion og søknaden om tilskot til snøproduksjonsanlegget ved Hornindal skisenter er under utbygging og såleis ikkje ferdig med anleggsrekneskapen.

**Hellestad;**

Hellestad har i år sendt inn 3 søknader der ein av desse er tildelt midlar. Dei resterande er eigd av frivillig sektor, men ikkje ferdig utbygde og vert derfor ikkje prioritert for tildeling i denne omgang.

**Høyanger;**

Høyanger kommune har i 2016 sendt inn 10 godkjende søknader der 5 av desse har fått tildeling. Dei resterande er eigd av Høyanger kommune, der eit nærmiljøanlegg, Tufteparken, er ferdig utbygd med ferdig anleggsrekneskap. Frivillig sektor vert prioritert framom Høyanger kommune sine søknader.

**Jølster;**

Jølster kommune har i 2016 sendt inn 8 søknader, der tre av desse har fått tilskot. Jølster har fleire søknader for anlegg under bygging eigd av frivillig sektor, deriblant hinderløype i regi av Jølster IL alpint. Der er fleire søknader på skyttaranlegget på Myklebust i regi av Jølster skyttarlag, og søknad om tilskot til barnegolf – anlegg i regi av Sunnfjord golfklubb. Ingen av desse er ferdigstilt og vert derfor ikkje prioritert.

**Leikanger;**

Leikanger kommune har sendt inn 5 søknader der 3 av desse har fått tildeling. Leikanger skyttarlag har sendt inn to søknader for klubhus og innandørs skytebane. Desse er under bygging, men søknader fra frivillig sektor med ferdig anleggsrekneskap i andre kommunar vert prioritert framom desse.

**Luster;**

Luster har i 2016 sendt inn 9 søknader der 5 av desse fekk tildeling. Overvakingsanlegget i Lustrabadet, eigd av Luster kommune, er ferdig utbygd og har revidert anleggsrekneskapen og er prioritert for tildeling i regional plan i 2018. Frivillig sektor i Luster representert ved Hafslo bygdelag og Gaupne bygdelag har begge sendt inn søknader om tilskot til bygging av klatrepark. Begge desse er under bygging, men har enno ikkje ferdig revidert anleggsrekneskap og jf. føringane vel fylkesdirektøren å prioritere frivillig sektor sine søknader i andre kommunar framom desse.

**Lærdal;**

Lærdal har søkt om tilskot til 7 anlegg i 2016 der 3 av desse har fått tildeling. Lærdal IL og Lærdal skyttarlag har sendt inn tre søknader om oppatt-bygging av klubhuset som brann ned i storbrannen i 2015. Dette er ferdig utbygd, men berre deler av anlegget har revidert ferdig rekneskapen og fylkesdirektøren føreslår fylkesdirektøren å prioritere søknader frå i andre kommunar.

#### Naustdal:

Naustdal har i 2016 søkt tilskot til 12 anlegg og fått tildeling til 5 av desse. Instedalen ski-anlegg AS har sendt inn søknad om tilskot til bygging av klubbhus og dette er under bygging. Fylkesdirektøren rår difor til å prioritere søknader i andre kommunar.

#### Selje:

Selje har i sendt inn 2 søknader om tilskot til rehabilitering av ballbingar der ein fekk tildeling.

#### Rehabilitering av ballbingen til Flatraket IL

Stadtlandet IL fekk i 2016 tilskot, og Flatraket IL har levert revidert rekneskap og av tilgjengelege midlar rår difor fylkesdirektøren til å prioritere denne søknaden.

#### Sogndal:

I 2016 kom det inn 25 godkjende søknader der 7 av desse er prioriterte. Frivillig sektor har i regi av Eidsgrenda velforeining sendt inn to søknader om tilskot til utvikling av nærmiljøanlegg. Sogndal Skisenter Drift AS har sendt inn søknader på anlegg som er prioritert for tildeling i regional plan i 2017 og Sogndal Fotball har sendt inn søknad om tilskot for anlegg for styrketrening som ikkje har revidert anleggsrekneskapen og for etablering av kunstgras som er prioritert for tildeling i regional plan i 2018. Fjærland IL sin søknad til O-kart er ikkje revidert. Med bakgrunn i dette og føringane rår fylkesdirektøren til å prioritere søknader frå frivillig sektor i andre kommunar.

#### Solund:

Solund har sendt inn 3 søknader der 1 har fått tildeling. Der er ingen søknader frå frivillig sektor i Solund dette året og søknadene til Solund kommune er enten under bygging eller planlegging.

#### Stryn:

Stryn har i 2016 sendt inn 10 søknader der heile 6 av desse har fått tildeling.

#### O-kartet til Veten IL, Vangen Vest

Søknaden om tilskotet til o-kartet til Veten IL i Vangen vest søkte for første gong i 2015. Rekneskapen er ferdig revidert og fylkesdirektøren prioritærer dette anlegget for løying etter som dei andre søknadene frå frivillig sektor i Stryn er kunstgrasbana til Loen IL som er prioritert for tildeling regional plan i 2017 og Hardbagg IL som søker om tilskot til utvikling av klubbhuset, lager/sanitæranlegg, men dette anlegget er under bygging.

#### Vik:

Vik har i 2016 sendt inn 4 søknader der 1 har fått tildeling. Vik IL søker om tilskot til utviding av skiskytteanlegget på Kålsetelii og utvikling av dette anlegget var avgjerande for å få tildelt NM i rulleskiskyting sommaren 2017, men dette anlegget har ikkje revidert anleggsrekneskap. Fylkesdirektøren viser til føringane i saka og har valt å prioritere søknader i andre kommunar.

#### Vågsøy:

Vågsøy har i 2016 sendt inn 10 godkjende søknader og 4 fekk tildeling. Skavøypoll IL har sendt inn søknad om tilskot til kunstgrasbane og denne er prioritert for tildeling i regional plan i 2018 og utvikling av hinderløype som nærmiljøanlegg. Anleggsrekneskapen for dette anlegget er ferdig. Vågsøy kommune har ferdigstilt rehabilitering av to ballbingar ved Holvik og Raudeberg skule, men fylkesdirektøren rår likevel ikkje å tildele til anlegg i Vågsøy etter som eldre søknader frå frivillig sektor i andre kommunar vert prioritert.

#### Årdal:

Fra Årdal kommune kom det 6 søknader om tilskot der 2 fekk tildeling. Tangen køyre og rideklubb søker om tilskot til rehabilitering av ridehall og Knipenborg skyttarlag søker om tilskot til utvikling av både 100 meter og 200 meter bane. Ettersom desse er under bygging rår fylkesdirektøren til å tildele søknader i andre kommunar.

## **4. Konklusjon**

Fylkesdirektøren viser til drøftingane i saka, og dei forslag til prioriteringar som er gjort. Fylkesdirektøren rår til vedtak i samsvar med forslag til vedtak.